



FRÆNA KOMMUNE
REGULERINGSFØRESEGNER FOR
REGULERINGSPLAN
VESTADVIKA INDUSTRIOMRÅDE,
HARØYSUNDET

§ 01 Det regulerte området er i planen vist ved reguleringsgrenser på kartet. Arealbruken innafor planen er delt i følgjande område, i samsvar med Plan og bygningslova § 25:

1. Byggeområde:
Industri

2. Offentlege trafikkområder
Køyreveger (V1 og V2)
Vegareal generelt
Trafikkområde i sjø

3. Spesialområde:
Parkbelte i industriområde
Frisiktsone

§ 02 Etter at reguleringsføresegna har tredt i kraft er det ikkje tillate ved private avtalar å etablere forhold som strid mot desse føresegnene.

§ 03 INDUSTRI
Utbygging i området må skje etter detaljregulering jfr. Plan- og bygningslovens § 12-3 ledd. Utbygging og andre inngrep i sjø og på land skal skje innanfor regulerte føremålsgrenser.

Utbyggingsplana skal vise:

- Tomteinndeling
- Grad av utnytting
- Byggegrenser
- Industribygga si høgde og takform
- Eventuell utandørs lagringsplass

- Parkeringsareal. Parkering for tilsette og besøkande skal ordnast innanfor tomta.
- Det er krav om minimum 1 P-plass pr. 100 m² golvareal.
- Vegløyising, slik som inn- og utkøyring til industrifeltet
- Det skal avklarast korleis området mot sjøen vert avslutta.
- Avslutting av ein eventuell fyllingsfot og istandsetting av terrenginngrep mot tilgrensande areal skal vere gjennomført samtidig med at området vert teke i bruk.

For industriområdet som grensar opp til regulert parkbelte vil føresegnene om kjøp og opparbeiding i § 67a, 2. ledd i Plan- og bygningslova bli gjort gjeldande.

§ 04 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDER

Veg 1 er sett av til eksisterande fylkesveg.

Veg 2 er sett av til adkomstveg til industriområde på Indre Harøy/Harøysundet.

Føremålet omfattar også vegareal generelt som naturleg høyrer til vegen, som grøft, skjering, fylling. Slike areal skal opparbeidast og ferdigstillast samtidig med veganlegget.

Trafikkområdet i sjø skal sikre at båttrafikk inn og ut gjennom sundet til Vikomar (den gamle sildoljefabrikken) kan oppretthaldast.

§ 05 SPESIALOMRÅDE

5.1 Parkbelte i industriområde

Eksisterande bustadar i området inngår i parkbeltet på plana. Bustadane i området skal kunne nyttast slik som i dag og knytte seg til den nye vegen ved bruk av gamlevegen som delvis ligg der i dag.

I resten av området skal det etablerast vegetasjonsbelte mellom industrifeltet og riksvegen som vist på planen. Utomhusplan skal utarbeidast og denne skal samordnast med utomhusanlegga på tilgrensande industriområde.

Opparbeiding av vegetasjonsbeltet skal stå ferdig samstundes med utbygging av tilgrensande industriområde. Det tilgrensande industrifeltet står som eigar, og har eit ansvar i å opparbeide og vedlikehalde beltet. Skjøtsel skal skje i samråd med kommunen. Parkbeltet skal ikkje byggjast ned eller nyttast til fyllplass/lagring.

Eventuell industriaktivitet inne i parkbeltet må være tilpassa føremålet med parkbeltet.

5.2 Frisiktsoner

Frisiktsonene i vegkryssa må ikkje utnyttast slik at det på noko tidspunkt hindrar fri sikt. Areal innanfor frisiktsonene skal planerast ned til 0,5 m over tilgrensande vegars nivå. Kommunen kan krevje sikthindrande vegetasjon og gjenstandar fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i siktsone.

Nytt forslag